



ÅRSMELDING FOR MOTORSPORTGRUPPA 2021

1. Styret:

Leiar:	Håvard Nilsen	2022
Sekretær/Kasserar	Vigdis Lio	2022
Styremedlemmar	Over Birger Røneid	2022
	Kenneth Jensen	2022

2. **Styremøte:** Det er ikkje arrangert 6 styremøte i denne perioden.

Saker

Il Jotun Motorsport har vore delvis prega av pandemien dette året og men har til ein viss grad klart å halde ein del aktivitet likevel. Me har hatt treningar frå april til oktober med ca 8-10 aktive kjøyrarar denne sesongen.

Våren og sommaren var veldig tørr, og pga mykje støving vart ein del treningar avlyste. Klubben vil framover jobbe aktivt for å skaffe vatn og straum fram til bana, slik at me kan få etablert eit vatningsanlegg, dette for å redusere støving i «tørkeperiodar» og dermed kunne halde drifta av banen i gang heile sesongen uavhengig av været.

Me har hatt nokre dugnadar i løpet av året, og har fått låne hjullaster gratis hjå O.B. Hæreid.

Me heiv oss difor rundt og arrangerte ein klubbturn til Ål MX bane, med overnatting på Torpo Gjestegard fyrste helga i haustferien. Dette var ein flott oppleving for alle 8 utøvarane som vart med og me håpar og kunne gjenta ein slik klubbturn årleg.

Me har hatt fleire foreldre på kurs dette året og har dermed fått utdanna fleire sikkerhetsleiarar og aktivitetsleiarar. Dette er viktig for at me skal kunne halde drifta i klubben i gang

3. Medlemstal

Det har vært 2 aktive førar i år. Fører har nasjonal lisens og køyrer løp rundt om i Norge. I tillegg er det 7 medlemmer som brukar anlegg for køyring.

4. Særforbund

Norges Motorsportforbund

5. Økonomi/ mottekne midlar

Gruppa har i år fått støtte frå fleire hold. Me fekk 25.000kr hjå Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane, 40.000kr av Ildsjelfondet til Sparebanken Vest og 3000kr hjå Årdal Boligbyggelag. Midlane skal nyttast til klubbturn og nytt utstyr. Økonomien i gruppa er god.

6. Anlegg

Bana er godkjent som treningsbane av Norges Motorsportforbund v/Bjørn Rusten

7. **Oppgaver i året som kjem**

Dugnad på anlegget

Prøver å få etablert strøm på anlegget

Prøver å få etablert vant på anlegget

Jobbe med fellestur i 2022 og da dette var ein stor oppslutning om i 2021

